

Nr. 44
Laurdag
6. juni
1998

12. årgang
Laussal kr 9.00
Tlf. 56 30 29 50
Telefaks 56 30 24 77

OS & FUSA

Hegglandsalen skule

SIDE 10

POSTEN

HUSK
AMAUEP HANSEN'S HUS
VØRETHE TELL
JØRGENSEN

Kai misbrukt

Sjølv om skiltet på kaien i Nordstrøna seier at det berre er tillate med av- og pålossing, ligg batar i ro fleire veker i strekk.

SIDE 4

Historisk barnehageopptak

Ingen på venteliste, nokre ledige plassar, førskulelærarar i alle stillingar og velukka brukstilpassing – det er kva barnehagekonsulent Gudrun Ophaug Boge og småbarnsforeldra i Fusa kan gle seg over etter hovudopptaket til barnehagane.

SIDE 4

Kommuneplanta

Til 20. juni må du ha teke avgjerd om du har tenkt å koma med framlegg til kommuneplante for Os. No skal Os hagelag sin idé realisera, og folket i Os får vera med og avgjera.

SIDE 11

Ny helseundersøking

Måndag startar ei ny helseundersøking i Os.

SIDE 5

H vinduet døren

Uansett farge eller størrelse;
"Du bestemmer selv leveringstiden!"

HOTRE
Krokeidevegen 6, Fana

Forhandler i Os:
AwCon
56 30 25 26



7 043432 312313



Kulturutvalet pluss administrasjonen på etaten og ordførarar stilte på Lysøen då Bergljot Lysand Bjørø (midt på biletet) fekk kulturstipendet for 1998. Bak frå venstre: Skjold Sørensen, V. Børge Lunde, H og Henry Lunde, Ap. Vidare Liv Sissel Kvalvaag, Sp, Øystein Nordvik, Sl og Georg Jørgensen, TøP. Framme: Ordforar Geirmund Dyrdal, kultursjef Karl Ole Midtbø, Rolf Bjørø, Asmund Lien og Kari Heggland, TøP. (Foto: Anne Margrethe Maatre Hjemdal)

Kultursamling på Lysøen

Torsdag samlast kulturutvalet i Os til møte på Lysøen. Den einaste saka på "kartet" var utdeling av kulturstipendet. Utvalet hadde mange kandidatar, men hadde samla seg om Bergljot Lysand Bjørø.

SIDE 11

Båtulukke i Strandvik?

Like før avisas gikk i trykken fredag ettermiddag fekk vi melding om ei mogeleg båtulukke i Strandvik. Klokka 1530, da vi hadde kontakt med lensmannsbentjent Anders Opsal ved Fusa lensmannskontor, leita fire båtar etter ein person som ein fryktar har falle i sjøen utanfor Strandvik.

Lensmannskontoret venta på dette tidspunktet på assistanse av politibat fra Bergen og fly fra Hovudredningssentralen.


Bakgrunnen for leiteaksjonen er at ein bat vart funnen på rek og med arene i tilleggane. Bilen som tilhørde han som brukte båten, stod på oppstillingsplassen på kaien like ved båtfestet, men mannen var ikkje å sjå.

– Båten vart funnen ikkje langt frå båtfestet, og vi har starta søket her. Men vi veit ikkje enno om vi må utvida leiteområdet og heller ikkje kvar båten har vore, seier Opsal.

På eitt tidspunkt i saka fekk lensmannskontoret melding om at mannen var sett på ein annan stad i bygda etter at båten vart funnen, men dette sporet førde ikkje fram til at den ettersøkte var funnen då klokka var 1630.

LEDIGE LOKALER Handle- og Bjørnegården

Handle- og Bjørnegården på Os ønsker velkommen nye leietakere. Vi har ledig kontor- og butikklokal. Areal og standard tilpasses leietakers ønsker.



Kontakt
Geir Fredriksen
⑨ 906 00 111 eller
⑨ 66 77 38 54 for
en prat og avtale
om visning

Ove Jonny Holmefjord:

Reparerer saga di etter fjøstid

– Det har i stor grad blitt eit eit etter fjøstid-opplegg, seier Ove Jonny Holmefjord. Opplegget han snakkar om går særleg ut på reparasjon av motorsager, men også av anna teknisk utstyr til bruk i skog og hage. Han bur på Holmefjord, og har verkstad i eit nybygg attmed bustadhuset sitt.

Kåre Dalland

No, ein skal ikkje ta dette med "etter fjøstid" heilt bokstavelig. Men det er gjerne på kveldstid at bønder og andre kjem til Ove Jonny Holmefjord med motorsager og liknande når desse reiskapane må vølast.

Det høver godt for reparatøren også, for attåt arbeidet som landbruksmekanikar, har han sidan 1989 vore sjafør i BHV. Men då køyringa stort sett er koncentrert til morgen og ettermiddag, har han som regel tid til verkstadarbeid midt på dagen.

Arbeidet på verkstaden er au-kande.

Kr 25 000 fra næringsfondet

Nyleg fekk Ove Jonny Holmefjord kr 25 000 i støtte fra kommunen. Han sökte om kr 75 000. Støtta er til "bygging av eit sals og verkstadlokale for handutstyr for jord- og skogbruk," og gjeld den delen av investeringa som omfattar skogbruk.


Løvvinga går over posten. Framhjelp for næringslivet.

Samla kostnad med bygging av lokalet, kjøp av verktøy og etablering av lager med kontor er rekna til kr 150 000.

Au-søknaden går fram at Holmefjord no har arbeid på verkstadet tilsvarende eit halvt årsverk, og at han vonar å koma opp i eitt årsverk.

Lang fartstid i faget

Ove Jonny Holmefjord har vore landbruksmekanikar sidan 1973. Som 18-åring byrja han då som hjelpearbeidar hjá Fergu-



– Reparasjon er det viktigaste, seier Ove Jonny Holmefjord, her i arbeid med ei sag.

son forhandlaren Skjelbreid & Co i Førde. Etter to-tre år der, vart Bergen den nye arbeidsstaden hans, og da som mekanikar i firmaet Maskinsalg AS. Der kom han etter kvart borti sal av Valmet-traktorar og frå 1979.

I 1983 starta den Os-ætta Erling Moleng firmaet Moberg Maskin AS, eit firma som forhandla Valmet-traktorar i Nordhordland og dessutan selde Jobu motorsager. Firmaet heldt til i Alvermarka i Lindås. Tre år før hadde Ove Jonny Holmefjord flytta attende til heimegrenda.

På slutten av 1980-talet datt botnen ut or marknaden for landbruksmaskiner. I 1989 byrja Holmefjord difor som sjafør i BHV, eit yrke han har framleis.

Men dei mange som hadde kjøpt motorsag av han, venta at han også skulle vøla sagene deira når det trøngst. Han tok til med det i eigen kjellar.

A-forhandlar

Jobu var no sluttu med eigen sagaproduksjon, men importerte dei svenske sagene Jonsered.

I tilknyting til reparasjon av sager, fall det naturleg for Holmefjord å selja sager og. Difor vart han Jonsered-forhandlar.

– Sidan har det botte på seg, seier Holmefjord, som no kan skilta med status som A-forhandlar. Det vil seia at han sel alle Jonsered-produktua, som attatt vanlege motorsager omfattar ryddesager, verneutstyr for skogsarbeidarar og teknisk utstyr til bruk i park og hage, t.d. plenklipparar.

I 1994/95 bygde han kombinert garasje og verkstad på bortimot 100 kvm. Verkstaden i nyebygget kom i bruk for halvtanna år sidan.

Reparasjon det viktigaste

Holmefjord ser reparasjon som det viktigaste. Selja utstyr, sager og anna, det kan mange gje ra, også i Fusa, om dei det vil. Men reparasjon av sager er eit fag, og krev dessutan at ein har eller på kort varsel får tak i reservedelar til alle dei mest vanlege merka. Holmefjord har komplett delelager til Jonsered,

og kan raskt skaffa delar til dei to andre merka som vert produserte av Electrolux-konserten, dvs. Partner og Husqvarna, og til Stihl.

Ove Jonny Holmefjord er den einaste i Fusa som har reparasjon av motorsager som spesiellitet. Ein ma elles innom Bergen sine grenser for a finna dei nærmeste reparatorane. Og kunden treng ikkje sta oppradd medan Holmefjord har ei sag til reparasjon, for han har sag til utlån når det er særskild trong for dette.

Veksande marknad

Sjølv om "det har botte på seg", finn ikkje Ove Jonny Holmefjord at tida enno er inne for å sleppa bussrattet. Men med dei store mengdene av skog som snart må hoggast i Fusa, vil marknaden for skogsutstyr veksa sterkt. Store maskiner må nok til skal det mona tilstrekkeleg, men det vert sikkert også bruk for mange vanlege motorsager, og dermed også for reparatøren ved Holmefjord-sjøen.

Helseundersøking i Os

Tysdag kjem ein ny buss og tek plassen etter Mammografibussen ved Kyrkjebunnet. Denne gongen er det Helseundersøkinga i Hordaland ved Statens helseundersøkelse som er på hjul i distriktet. Folk som er fødde i åra 1925 til 1950 og 51 vert kalla inn til denne undersøkinga.

Anne-Margrethe Matre Hjemdal

Folk får innkalling med dato og tidspunkt per brev.

Helseundersøkinga har leigd venterom i Kyrkjebunnet, der folk trekkjer kølapp og ventar på tur.

Undersøkinga omfattar føl-

gende: måling av blodtrykk, høgd, vekt, livvidde og hoffevitid, og blodprøve med analyse av m.a. kolesterol og blodsukker.

Føremålet med Helseundersøkinga i Hordaland er å skaffa seg informasjon gjennom å følge opp dei undersøkte slik at

faktorar som er avgjeraande for seinare utvikling av sjukdom kan identifiserast.

Spørjeskjema

Ved innkalling får folk også tilsendt eit spørjeskjema som dei må fylla ut før dei møter til helsekontroll.

Her vert det spurt om eiga helse, muskel- og skelettplager, sjukdommar i familien, korleis du lever med omsyn til mosjon, om du røyker eller brukar alkohol, og om du er interessert i å endra helsevanar. Det vert også spurt om utdanning og trivsel,

medisinbruk, arbeid og samliv. Helseundersøkinga er eit tilbod og frammøte såleis frivillig.

Møt fram

Helsesjef i Os, Nic Lunde vurderer tilboden som godt, og oppmodar alle om å møta fram.

– Det er nyttig å få kjennskap til den risiko ein eventuelt har for hjartelidningar, slik at ein kan redusera risikoen ved å gjera nok med livsmønsteret sitt, seier Lunde.

Få kontrollar i 1. kvartal

Kontrolluvalet i Os som skal sjå til at løyvehavarar for sal og skjenking av ol, vin og brennevinn ikkje bryt regelverket, har i 1. kvartal føretake 21 kontrollar på salsstader, skjenkestader og ved tildeiling av ambulerande skjenkeløyve.

På årssbasis skal det vera 105 kontrollar på sals- og skjenkestader, og kvart femte ambulerande løyve skal kontrollerast. Difor ligg ein etter skjemata i første kvartal, noko som skal rettast opp utover året, slik at ein ved årsslutt skal ha oppfylt krava, skriv helse- og sosialdepartementet som melding til hovudvalet sitt.

Det er ingen rapportar om brot på regelverket i 1. kvartal.

Det finst 17 salsstader for ol og vin i kommunen. Desse skal kontrollerast minimum tre gonger per år, til saman 51 gonger.

Det finst 18 skjenkestader i Os. Desse skal også ha minimum tre kontrollar årlig, altså til saman 54 kontrollar.

Søknader om alkoholservering

På helse- og sosialutvalsmøtet i Os 27. mai, lag det føre fem søknader om skjenkeløyve frå ulike verksamheter.

Butikk Buena AS sökte om salsløyve for ol, Ingaug Brimsholm, butikkstyrar i Lepsøy, har sökt om løyve til ølsal frå tidlegare Øiernes Handelsforening, Stallmeistergaarden på Moldegaard (driv no med ambulerande løyve) har sökt om skjenkeløyve for brennevinn, Ludvik (tidlegare Giovanni) har sökt om skjenkeløyve for ol og vin, og Aud's Pub og overnatting i Buggegården har sökt om skjenkeløyve for ol og vin.

Buena, Øiernes, Ludvik og Aud's Pub fekk løyve.

Moldegaard sin søknad hadde negativ tilråding, og dette vart stadfestet i utvalet, men den den tilføyninga:

På bakgrunn av endringar i alkohollova av 1.1. 1998, vil ein komma attende til vurdering/tilpassing av dei kommunale retningslinene for tildeling av skjenkeløyve for brennevinn i samband med varsla rulling av retningslinene hausten 1998.

Saka går vidare til kommunestyret.

Differensierte opnings- og skjenketider?

Tilrådinga frå administrasjonen var negativ i saka om å opna for differensierte skjenke- og opningsstider i Os. Også eit fleirtal i hovudutval for helse og sosial (5) sa nei til å utvide skjenke- og opningsstida på Madammen frå klokka 0100 til 0200 fredag og laurdag. Mindretaket på fire røysta for.

Utvila skjenketid vil etter vurdering frå legevaktena og lensmannen gje negative konsekvensar, og er heller ikkje i tråd med ruspolitiske målsetjingar for Os kommune om 25 % reduksjon av alkoholforbruket innan år 2000.

Saka går vidare til kommunestyret.